



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 26.04.2017
Vår ref.: 2017/3381-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 17/1166 – 17/10781

Att. Kjartan Nyhammar

Varsel om kulturhistorisk synfaring - søknad om nydyrking på gnr 106 bnr 17 Fanebust - Lindås kommune

Viser til brev datert 05.04.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styringsmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor det aktuelle arealet, men området har topografiske trekk som gjer at det er potensial for funn frå steinalder. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje endeleg fråsegn i saka. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vil verte gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.